



Fedje kommune

Møtebok for Formannskapet

Møtedato: 08.06.2022
Møtestad: Slissøyana/Skarvøyana Fedje fleirbrukshall
Møtetid: 17:15 - 18:30

Møtedeltakarar	Parti
Stian Herøy	H
Hans Erik Waage	Ap
Kamilla Bjerkholt Karlsen	Ap
Marit Solbakk Øien	Frp

Møtedeltakarar vara	Parti
Silje Sulen Gullaksen	H

Forfall meldt frå følgjande medlemmar:	Parti
Bjørn Solbakk	Frp

Følgjande møtte frå administrasjonen:

Bjarte Villanger, Kristin Handeland, Olav Mongstad, Rolf Hansen

Sakliste

Saknr	Tittel
051/22	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
052/22	Godkjenning av møtebok
053/22	Referatsaker
054/22	Delegerte saker
055/22	Årsmelding og reknskap 2021
056/22	Tertialrapport, januar - april 2022
057/22	Deponering av utgåtte fagsystem
058/22	Deponering og ordning av sensitivt arkiv
059/22	Søknad om tilskot frå dugnadsfond
060/22	Søknad om rammeløyve og dispensasjon på gbnr 169/203
061/22	Møteplan formannskap og kommunestyre, haust 2022
062/22	Ekstrasak, Utviding av gravplass
063/22	Eventuelt

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Handeland	FE-033	22/197

Saksnr	Utval	Type	Dato
051/22	Formannskapet	PS	08.06.2022

Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksutgreiing:

Forslag til vedtak:

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

Formannskapet - 051/22

F - behandling:

F - vedtak:

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Signe Råheim	FE-033	22/197

Saksnr	Utval	Type	Dato
052/22	Formannskapet	PS	08.06.2022

Godkjenning av møtebok

Vedlegg:

Protokoll - Formannskapet - 25.04.2022

Saksutgreiing:

Forslag til vedtak:

Møtebok frå sist møte vert godkjent.

Formannskapet - 052/22

F - behandling:

F - vedtak:

Møtebok frå sist møte vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Handeland	FE-033	22/197

Saksnr	Utval	Type	Dato
053/22	Formannskapet	PS	08.06.2022

Referatsaker

Underliggende saker:

053/22.1. Høring - Forslag til midlertidige endringer i kompetanseforskriften og trygderefusjonsforskriften

053/22.2. Høring - revisjon av Aktivitetshåndboken, kapittel om demens

053/22.3. Høring - Utøvelse av statens partsstilling i saker om Helsepersonellnemndas vedtak

053/22.4. Høring fra Kunnskapsdepartementet

053/22.5. Høyringsinnspel - Fusjon Stiftinga Hordamuseet

053/22.6. Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen og årsmeldinga 2021_sak 21/22

Saksutgreiing:

Forslag til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

Formannskapet - 053/22

F - behandling:

F - vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

Samrøystes vedteke.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Handeland	FE-033	22/197

Saksnr	Utval	Type	Dato
054/22	Formannskapet	PS	08.06.2022

Delegerte saker

Underliggjande saker:

013/22. Svar på søknad om einskild høve skjenkeløyve 14.05.2022

014/22. Svar på søknad om einskild høve skjenkeløyve 04.06.2022

015/22. Svar på søknad om einskild høve skjenkeløyve 02.07.2022

016/22. Løyve til å leggja ut flytebrygge på gnr. 168, bnr. 47.

I medhald av delegeringsreglement for Fedje kommune, sist revidert i k-sak 066/20 og § 20-4 og § 21-4 i plan- og bygningslova, gjer teknisk sjef følgjande vedtak :

Samnøy Maskin AS får løyve til å leggja ut flytebryggja på 22 meter x 2,6 meter og gangbru frå land, slik det er søkt om. Løyvet gjeld på gnr. 168, bnr. 47.

Vilkår for løyvet :

Kommunen skal ha skriftleg melding når tiltaket er gjennomført. Lovheimel : § 21-10 i pbl.

Fedje Fryseri AS er tiltakshavar.

Saksutgreiing:

Forslag til vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering.

Formannskapet - 054/22

F - **behandling:**

F - **vedtak:**

Delegerte saker vert tekne til orientering.

Samrøystes vedteke.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Olav Mongstad	FE-000	22/115

Saksnr	Utval	Type	Dato
055/22	Formannskapet	PS	08.06.2022
027/22	Kommunestyret	PS	16.06.2022

Årsmelding og reknskap 2021

Vedlegg:

Årsrekneskap og årsmelding

Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen og årsmeldinga 2021_sak 21/22

Revisjonsmelding 2021 - Fedje

Fedje - revisjonsmelding for rekneskapsåret 2021

Fedje - rapport etter revisjonen av rekneskapen for 2021

Saksutgreiing:

Saksopplysningar

Etter kommunelova § 14-3 vert årsrekneskapen og årsmelding 2021 lagt framfor formannskap og kommunestyre for godkjenning.

Årsmeldinga vert revidert av Vestlandsrevisjon IKS.

Utval i Fedje handsamar rekneskap og årsmelding slik:

Kontrollutval 2. juni.

Formannskap 8. juni.

Kommunestyret 16 juni.

Kommunestyret gjer det endelege vedtaket etter innstilling frå formannskap.

Kontrollutvalet si rolle er å gi uttale til rekneskap og årsmelding, etter revisjonsmeldinga frå revisor ligg føre.

Vurdering

Økonomi

Rekneskapen for 2021 viser eit overforbruk på 1 257 000 kr. Dette vert dekkja inn med overføring frå fond. I det framlagde rekneskapen og i årsmeldinga vert det gjort greie for dette overforbruket.

Konklusjon

Kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsmelding for 2021 slik det ligg føre.

Rekneskapsmessig underskot vert dekkja ved overføring frå fond.

Forslag til vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsmelding for 2021 slik det ligg føre.

Rekneskapsmessig underskot vert dekkja ved overføring frå fond.

Formannskapet - 055/22

F - behandling:

Kamilla BK Karlsen (Ap) fremja forslag om at formannskapet sluttar seg til kontrollutvalets uttale om årsmeldng og rekneskap 2021.

Kommunedirektøren orienterte om årsmelding og rekneskap for 2021.

F - vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsmelding for 2021 slik det ligg føre.

Rekneskapsmessig underskot vert dekket ved overføring frå fond.

Formannskapet sluttar seg til særutskrift frå kontrollutvalet i saka om årsmelding og rekneskap 2021.

Samrøystes vedteke.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Bjarte Villanger	FE-240	20/260

Saksnr	Utval	Type	Dato
056/22	Formannskapet	PS	08.06.2022
028/22	Kommunestyret	PS	16.06.2022

Tertialrapport, januar - april 2022

Vedlegg:

Tertial 1, 2022 Samledokument

Saksutgreiing:

Saksopplysningar

Tertialrapporten vil gje både politikarar og administrasjon høve til å følgja med på korleis rekneskapen utviklar seg sett opp mot budsjettet gjennom året. Dei budsjettansvarlege får også høve til å forklara dei einskilde budsjettavvik

Vurdering

Vedlagt følger tabellar som syner den økonomiske situasjonen vist ned til tenestenivå. Fyrste tabell syner økonomien på ansvarsnivå med løn fråtrekk refusjonar som eige rad. I kolona for prognose er det set inn farge for korleis den budsjettansvarlege vurderer ansvaret vil ende opp ved årsslutt 2022.

Forbruk	Prognose
Innanfor budsjett	God
Noko over budsjett	Usikkert
Vesentleg over budsjett	Fare

I neste tabell er kvart ansvar kommentert ned på tenestenivå.

Folkehelse

Miljø

Økonomi

Konklusjon

Forslag til vedtak:

Kommunestyret tek tertialrapport for januar – april 2022 til vitande.

Formannskapet - 056/22

F - **behandling:**

F - **vedtak:**

Kommunestyret tek tertialrapport for januar – april 2022 til vitande.
Samrøystes vedteke.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Signe Råheim	FE-064	22/206

Saksnr	Utval	Type	Dato
057/22	Formannskapet	PS	08.06.2022
030/22	Kommunestyret	PS	16.06.2022

Deponering av utgåtte fagsystem

Saksutgreiing:

Saksopplysningar

Fedje kommune deltek i Digitalisering og Innovasjon i Nordhordland sitt prosjekt om lagring og bevaring av elektroniske fagsystem som ikkje er kopla til arkiv. Dette er eit prosjekt der ein både skal sørge for lagring av elektroniske fagsystem og innsynsløysing i dei bevarte systema. Først er det berre snakk om uttrekk av utgåtte fagsystem for å bevare dei for ettertida. Fedje kommune har fire fagsystem som er gått ut av bruk. Det er Acos Sosial, Visma skule, Acos barnevern og Visma flyktning. Acos Sosial er fagsystem som NAV har brukt. Den sosiale delen av NAV utfører NAV på vegne av kommunen. Difor er den delen av Acos Sosial kommunen sitt ansvar. Acos barnevern er det fagsystemet barnevernet har brukt tilbake til 2005. Dette var før Fedje inngjekk interkommunalt samarbeid med Austrheim. Difor må me også ta uttrekk av dette fagsystemet. Visma skule er eit fagsystem som skulen skal ha brukt i følge IKT. Eg har vore i kontakt med skulen som ikkje veit om dei har brukt det eller ei. Ved å ta uttrekk av dette systemet heilgarderer me oss mot at det eventuelt ligg opplysningar der som skulle ha vore i websak. Visma flyktning er berre opplysningar om dei vaksne flyktningane.

Vurdering

Desse fagsystema inneheld dokumentasjon på tenester i kommunen sin behandling av einskild individ. Dette er informasjon som er viktig for det einskilde individet. Informasjonen er også viktig for kommunen, fordi det dokumenterer om kommunen har oppfylt sine tenester overfor individ. Viss denne dokumentasjonen ikkje vert teke vare på, vil det mellom anna føre til at kommunen ikkje lenger kan dokumentere at dei har utført lovpålagde tenester til innbyggjarar i kommunen.

Det vil også føre til at kommunen ikkje kan bevise at dei har gjeve individ den oppfølging dei hadde krav på. Det kan føre til at individ kan vinne eventuell rettssak mot kommunen og påføre kommunen store økonomiske tap, fordi kommunen ikkje kan dokumentere at dei handla i trå med gjeldande lovverk.

Viss ein ikkje tek uttrekk av desse systema, for å bevare dei for ettertida, vil ein bryte formålsparagrafen i arkivlova. I følge den skal arkivmaterialet som inneheld dokumentasjon om rettar til individ eller dokumentasjon om forvaltningsmessige forhold takast vare på for ettertida. Brot på arkivlova kan føre til at riksarkivaren kan bøteleggje kommunen. Dette vil påføre kommunen økonomiske tap.

Bevaring av desse systema vil koste 113 484 for å bevare kvart einskild system. I samband med uttrekk av desse systema må me også betale 750,-kr per time IKT Nordhordland brukar på å ta uttrekk av systema, som vert sendt til IKAH. IKT Nordhordland sa at det ville ta ca.1 time per system

for å ta uttrekk. I tillegg til dette vil det koste ein årleg avgift på kr.1281,- per system for å ha dei bevarte i Kommunearkivinstusjonenes Digitale Ressurssenter. Dette er mindre enn ei eventuell bot eller det ei eventuell rettsak vil koste.

Interkommunalt arkiv i Hordaland, IKT Nordhordland og digi Nordhordland har kome fram til ei ordning der kommunen kan utsetje betalinga for uttrekka, som vert gjort i år, til neste år. Fedje kommune har gjeve tilbakemelding til digi Nordhordland om at me vil betale denne kostanden i 2023.

Konklusjon

Fedje kommune set av 121 608,-kr på budsjettet for 2023 til å betale for uttrekk og deponering av systema i Kommunearkivinstusjonenes Digitale Ressurssenter.

Forslag til vedtak:

Fedje kommune set av 121 608,-kr på budsjettet for 2023 til å betale for uttrekk av systema og deponering av systema i Kommunearkivinstusjonenes Digitale Ressurssenter.

Formannskapet - 057/22

F - behandling:

F - vedtak:

Fedje kommune set av 121 608,-kr på budsjettet for 2023 til å betale for uttrekk av systema og deponering av systema i Kommunearkivinstusjonenes Digitale Ressurssenter.
Samrøystes vedteke.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Signe Råheim	FE-068	18/477

Saksnr	Utval	Type	Dato
058/22	Formannskapet	PS	08.06.2022
031/22	Kommunestyret	PS	16.06.2022

Deponering og ordning av sensitivt arkiv

Saksutgreiing:

Saksopplysningar

Fedje kommune er medeigar i interkommunalt arkiv Hordaland og deponerer eldre avslutta arkiv hjå dei. Interkommunalt arkiv i Hordaland tek på seg ordningsoppdrag for kommunane. Kostnadene for eit ordningsoppdrag kjem i tillegg til den årlege summen me betaler til IKAH.

Fedje kommune har fortsatt papirarkiv frå før kommuneadministrasjonen vart full digital med elektronisk websak i 2014. Me har både ordna og uordna papirarkiv frå tida før 2014. Det er planen at det ordna arkivet skal verte avlevert til IKAH til deponering hjå dei.

Det uordna arkivet består både av administrativt arkiv og arkiv som inneheld informasjon om individ. Arkiv etter barnevernstenesta, arkiv etter sosialtenesta er ein del av dei arkiva som ikkje er ordna. I tillegg til dette har me arkivet etter kommunelege/fastlege som me overtok i samband med kjøpet av legepraksisen til tidlegare kommuneoverlege/fastlege på Fedje. Me har også eit gamalt uordna personalarkiv som ikkje lenger er i bruk. Når det gjeld det nyare personalarkivet i papir er dette noko som fortsatt av og til er i bruk. Difor er det ikkje aktuelt å sende vekke dette arkivet til ordning no.

Vurdering

Fagansvarleg for arkiv meiner at arkiv etter barnevernstenesta, arkiv etter sosialtenesta og arkivet etter kommunelege/fastlege bør ordnast av interkommunalt arkiv i Hordaland. Bakgrunnen for dette er at Fedje er ein liten kommune der mange kjenner kvarandre. Fagansvarleg for arkiv meiner at det er betre at nokon som ikkje kjenner folk på Fedje ordner desse arkiva som inneheld masse sensitive opplysningar.

Det vil koste pengar å få ordna arkivet hjå interkommunalt arkiv i Hordaland. Dei har ei timepris på kr.602,-. På ein hyllemeter brukar dei ca.12,6 timar. Dette er eit overslag. Me har ca.17 hyllemeter som må ordnast. Det vil ta 214,2timar og koste ca.128 948,40kr å få ordna desse 17 hyllemeterarane.

Interkommunalt arkiv i Hordaland vil kome ut på besøk seinare i år og sjå på bortsettingsarkiva me har. Då kan dei stadfeste kor mange hyllemeter det faktisk gjeld. Eg har berre gjort eit overslag over kor mange hyllemeter det gjeld.

Arkivmaterialet det gjeld er oppbevart i låsbare arkivskap i velvet i kjelleren i gamlebanken. Dette kjem etter avlevering av allereie ordna papirarkiv som me skal avlevere til IKAH. Det er teke med på årets budsjett. Difor er dette noko som kan vente til 2024. Men fagansvarleg for arkiv ønskjer å få ei avklaring på om me skal sende arkiva som inneheld sensitive personopplysningar til ordning hjå interkommunalt arkiv.

Folkehelse

Miljø

Økonomi det vil koste ca.128 948,40kr.

Konklusjon

Arkivet etter barnvernstenesta, sosialtenesta, legetenesta og eldre uordna personalarkiv vert sendt til interkommunalt arkiv i Hordaland for ordning. Etter ordning vert arkivet deponert hjå interkommunalt arkiv. Dette bør takast på budsjettet for 2024, sida Fedje kommune skal betale for deponering av fleire elektroniske arkiv i 2023.

Forslag til vedtak:

Arkivet etter barnevernstenesta, sosialtenesta, legetenesta og eldre uordna personalarkiv vert sendt til interkommunalt arkiv i Hordaland for ordning. Etter ordning vert arkivet deponert hjå interkommunalt arkiv.

Formannskapet - 058/22

F - behandling:

F - vedtak:

Arkivet etter barnevernstenesta, sosialtenesta, legetenesta og eldre uordna personalarkiv vert sendt til interkommunalt arkiv i Hordaland for ordning. Etter ordning vert arkivet deponert hjå interkommunalt arkiv.

Samrøystes vedteke.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Signe Råheim	FE-223	22/245

Saksnr	Utval	Type	Dato
059/22	Formannskapet	PS	08.06.2022

Søknad om tilskot frå dugnadsfond

Vedlegg:

Søknad om støtte fra dugnadsfondet

Saksutgreiing:

Saksopplysningar

Kommunestyret oppretta eit dugnadsfond i budsjettet 2022 på kr.25 000,-. Det har kome inn ein søknad til fondet frå Fedje Landhandleri på 7500 for oppgradering av uteområdet på ferjekaia/Stenborg.

Vedtaket (K 102/21) var slik:

«Dugnadsfondet vert tilført 25 000,- kr.»

Vilkår for tildelinga går fram av vedtaket frå 2019 (K 097/19):

«[...] DUGNADSFOND Det vert oppretta eit dugnadsfond på kr.50 000,-. Dekning/finansiering er reduksjon av overføring til investering. Tildelingar vert avgjort av formannskapet etter søknad. Ein skal informere om fondet på heimesida til Fedje kommune. Ein kan dele ut midlar til eldsjelar, grupper, lag som ynskjer å oppgradere eller restaurere nærmiljøanlegg, tursti, leikeplassar, og anna. Arbeidet skal vere dugnadsbasert medan fondet vert nytta til å dekke materialutgifter.[...]»

Vurdering

Kommunestyret ønskte at denne vurderinga skal ligge direkte til formannskapet.

Konklusjon

Fedje Landhandleri får kr.5000,- til oppgradering av uteområdet på ferjekaia/Stenborg.

Forslag til vedtak:

Fedje Landhandleri får kr.5000,- til oppgradering av uteområdet på ferjekaia/Stenborg.

Formannskapet - 059/22

F - behandling:

Støtte frå dugnadsfondet, foreslått av Silje Sulen Gullaksen, Høgre

Fedje Landhandleri får 7500,- kr til oppgradering av uteområdet på ferjekaia/Stenborg.

I voteringa vart innstillinga frå kommunedirektøren var sett opp mot forslaget frå Silje Gullaksen (H)

F - vedtak:

Fedje Landhandleri får 7500,- kr til oppgradering av uteområdet på ferjekaia/Stenborg.

Samrøystes vedteke.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Rolf Hansen	Gbnr-169/203	22/196

Saksnr	Utval	Type	Dato
060/22	Formannskapet	PS	08.06.2022

Søknad om rammeløyve og dispensasjon på gbnr 169/203

Vedlegg:

5_SØK-DISP_Dispensasjonssoeknad_Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan.pdf
10_KART_Situasjonsplan_VEDLEGG D-01 SITUASJONSPLAN.pdf
11_TEGN_TegningNyFasade_VEDLEGG E-04 FASADE ØST.pdf
12_TEGN_TegningNyFasade_VEDLEGG E-05 FASADE NORD.pdf
13_TEGN_TegningNyFasade_VEDLEGG E-06 FASADE VEST.pdf
14_TEGN_TegningNyFasade_VEDLEGG E-07 FASADE SYD.pdf
15_TEGN_TegningNyFasade_VEDLEGG E-10 ILLUSTRASJONER.pdf
16_TEGN_TegningNyPlan_VEDLEGG E-01 PLAN 1 ETG..pdf
17_TEGN_TegningNyPlan_VEDLEGG E-02 PLAN 2 ETG..pdf
18_TEGN_TegningNyttSnitt_VEDLEGG E-03 SNITT A-A.pdf
19_KORR_Folgebrev_Følgeskriv til søknad om rammeløyve.pdf
Torvhaugane reguleringsføresegner vedteke av kommunestyret

Saksutgreiing:

Saksopplysningar

Søknad om rammeløyve med dispensasjon frå reguleringsplan jf. Plan- og bygningslova § 19 for oppføring av ny bustad på gbnr 169/203, Muleegen 140

Saksutgreiing:

Den 13.05.22 har ansvarleg søker Samsøy Maskin AS søkt om rammeløyve med dispensasjon frå reguleringsplan på gbnr 169/203.

1. Det vert søkt om dispensasjon frå takvinkel.
2. Det vert søkt om dispensasjon frå gesimshøgda.
3. I tillegg vart det søkt om dispensasjon frå byggegrensa mot sør med ca 1 meter.

Det er to vilkår som må vere oppfylt før kommunen kan gje dispensasjon etter Pbl. § 19-2.

1. Omsyna bak føresegna det vert søkt dispensasjon frå må ikkje verte vesentleg sett til side.
2. Fordelane ved å gje dispensasjon må samla sett vere klart større enn ulempene.

Planen sitt føremål som informasjons- og avgjerslegrunnlag skal ikkje svekkast. Dei gitte føresegnene i planar har blitt til gjennom ein omfattande demokratisk prosess og det skal ikkje vera ei kurant sak å fråvika desse. Det vil normalt ikkje vera høve til å gi dispensasjon, når omsyna bak føresegna det vert søkt dispensasjon frå framleis gjer seg gjeldande med styrke.

1

- 2 Det er søkt om dispensasjon frå

Saksopplysningar

Reguleringsplan for Torvhaugane er vedtatt i kommunestyret i sak 057/09 den 10.12.2009 seiar følgjande i §1 område for bustader:

I bustadområdet kan det først opp småhus med 1-2 einingar.

Høgste %BYA (byggeareal) for kvar eigedom skal vere som vist på plankartet. 20% i felt B1-B6 25% i felt B7(gnr/bnr 169/70)

Bustadane skal ha skrå takflater med ein takvinkel mellom 35 og 45 grader. Ny bustadar skal ha ei maks mønehøgda på 7 m og hovudtaket skal ha maks gesimshøgda på 3,5 m. Arker og takoppbygg er tillate innafor maks mønehøgda.

Vurdering

Folkehelse

Miljø

Økonomi

Konklusjon

Kommunedirektøren ser argumenta i søknaden som viktige. Det vert peika på at det å byggje «moderne» funkishus, kan føre til at unge lettare buset seg i kommunen. På den andre sida vil det vere ei fare for å svekke gjeldande reguleringsplan å tillate denne bustaden. Søkjar argumenterer med at sidan planen vert utarbeidd i 2009, har synet på korleis bustader skal vere, utvikla seg. I dagens byggemarknad er nok funkishus meir nytta. Alt dette fører til at kommunedirektøren er i tvil i saka.

Det vert sett opp to alternativ til vedtak i saka. Alternativ 1 med å fylgje planen og alternativ 2 med å gi dispensasjon frå kravet i reguleringsplanen.

ALTERNATIV 1:

Det vert gjeve avslag på søknad om rammeløyve for oppføring av nytt bustadhus med garasje.

Grunngjevinga er at bustadhuset ikkje er i samsvar med reguleringsplan for Torhaugane. Det vert også gjeve avslag på søknad om dispensasjon frå plan med plassering over byggegrensa.

Når dispensasjonssøknad blir avslått så kan ikkje rammesøknad godkjennast.

Grunngjeving for avslag av dispensasjonssøknad:

Det er oppført 3 bustadar i feltet innanfor reguleringsføresegna. Det er 4 ubygde tomtar. Viss det dispenserast frå plankrav for takvinkel og godkjenn flatt tak vil dette laga presedens for dei eigedomane som ikkje er bebygd. Det er fullt mogeleg å byggja nytt hus i tråd med reguleringsplan, men arealet i 2 etasje blir då redusert. Grunngjeving for å byggja på storleik med 230m² kjem ikkje fram i søknaden, totalsett blir omsyna bak føresegna det vert søkt dispensasjon frå vert vesentleg sett til side. Fordelane ved å gje dispensasjon samla sett vere klart større enn ulempene.

ALTERNATIV 2:

Søknad om dispensasjon og rammeløyve for oppføring av nytt bustadhus med garasje vert innvilga.

Grunngjevinga er at reguleringsplan er relativt gamal frå 2009. Ny byggeskikk er på plass med moderne flate tak (funkishus) og areala i 2 etasje kan nyttast fullt ut. Intensjon for Fedje kommune er å få nye innbyggjar til å busette seg i kommunen. Det vert også gitt dispensasjon om å plassere garasje over byggelinja mot veg då dette ikkje kan ety noko, eigedomen ligg innst som blindveg. Totalsett er omsyna bak føresegna ikkje vesentleg sett til side eller at ulempene er større enn fordelane.

Forslag til vedtak:

Alternativ 2

Formannskapet - 060/22

F - behandling:

F - vedtak:

Søknad om dispensasjon og rammeløyve for oppføring av nytt bustadhus med garasje vert innvilga.

Grunngjevinga er at reguleringsplan er relativ gamal frå 2009. Ny byggjeskikk er på plass med moderne flate tak (funkishus) og areala i 2 etasje kan nyttast fullt ut. Intensjon for Fedje kommune er å få nye innbyggjar til å busette seg i kommunen. Det vert også gitt dispensasjon om å plassere garasje over byggelinja mot veg då dette ikkje kan ety noko, eigedomen ligg innst som blindveg. Totalsett er omsyna bak føresegna ikkje vesentleg sett til side eller at ulempene er større enn fordelane.

Samrøystes vedteke.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Handeland	FE-033	19/551

Saksnr	Utval	Type	Dato
061/22	Formannskapet	PS	08.06.2022
032/22	Kommunestyret	PS	16.06.2022

Møteplan formannskap og kommunestyre, haust 2022

Saksutgreiing:

Vurdering:

Føresetnader for framlegget til møteplan hausten 2022: Formannskapsmøte er tysdager kl.17.15, kommunestyremøte er torsdager kl.17.15.

Konklusjon:

Forslag til møteplan haust 2022.

Formannskap: 13 september, 18 oktober 22 og 24 november.

Kommunestyret: 22 september, 27 oktober og 15 desember.

Møtestart vert i utgangspunktet kl. 17.15. Budsjettmøta til formannskapet byrjar kl.09.00 og i kommunestyret 16.00.

Forslag til vedtak:

Formannskap: 13 september, 18 oktober 22 og 24 november.

Kommunestyret: 22 september, 27 oktober og 15 desember.

Møtestart vert i utgangspunktet kl. 17.15. Budsjettmøta til formannskapet byrjar kl.09.00 og i kommunestyret 16.00.

Formannskapet - 061/22

F - behandling:

F - vedtak:

Formannskap: 13 september, 18 oktober 22 og 24 november.

Kommunestyret: 22 september, 27 oktober og 15 desember.

Møtestart vert i utgangspunktet kl. 17.15. Budsjettmøta til formannskapet byrjar kl.09.00 og i

kommunestyret 16.00.
Samrøystes vedteke.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Rolf Hansen		22/162

Saksnr	Utval	Type	Dato
062/22	Formannskapet	PS	08.06.2022

Ekstrasak, Utviding av gravplass

Vedlegg:

09 Godkjenning av plan for utviding av Bøgardsvika gravplass i Fedje kommune

11a C7 Nabomerknad 20220318_160356

15 Vurdering av nabomerknad

16 Klage, rammeløyve for utviding av gravplass

21 Rammeløyve for utviding av gravplassen. Klagerett.

23 Svar på Klage på rammeløyve for utviding av gravplass

24 SV_ Klage på rammeløyve for utviding av gravplass

Saksutgreiing:

Saksopplysningar

I 2002 ble reguleringsplan for utviding av gravplass vedteken i kommunestyret.

08.10.21 Forprosjekt frå arkitekt Artec oversend kommunen for vidare handsaming.

28.02.22 Statsforvaltar godkjend planen.

28.03.22 Sender ansvarleg søkar inn søknad om rammeløyve. Tiltaket er nabovarsla og det er innkommen nabomerknad frå eigar av gbnr 168/112 og 129.

06.04.22 Kommunen ber om juridisk bistand i forbindelse med merknaden.

20.04.22 Mottar kommunen svar frå bistandsadvokat på merknaden.

25.04.22 Formannskapet gjer vedtak om rammeløyve for tiltaket.

23.05.22 Kommunen mottar klage på vedtak frå nabo, ved advokatfirma Elden.

30.05.22 Kommunen får svar frå bistandsadvokat med vurdering av klage på vedtak frå nabo.

Konklusjonen frå bistandsadvokat er at det ikkje er grunnlag for å ta klagen til følgje.

Vurdering

Følgjande står i konklusjon frå Advokat Stiegler:

5. Konklusjon/oppsummering

Basert på gjennomgangen i de foregående punkter er vår vurdering at det ikke er grunnlag for å ta innkommet klage til følge. Ut fra informasjonen vi har mottatt vurderer vi det slik at vedtaket er gyldig, og at det ikke foreligger omstendigheter som tilsier at vedtaket er ugyldig og av den grunn må endres/omgjøres.

Vi understreker likevel at kommunen må foreta en del konkrete vurderinger av de faktiske forhold, som nevnt i gjennomgangen over, og som vårt firma ikke har grunnlag for å bedømme.

Konklusjon

Forslag til vedtak:

Vedtak om rammeløyve datert 25.04.22 blir ståande og klage frå nabo på brnr 168/112 og 129 blir ikkje tatt til følgje.
Saken blir oversendt Statsforvaltar.

Formannskapet - 062/22

F - behandling:

F - vedtak:

Vedtak om rammeløyve datert 25.04.22 blir ståande og klage frå nabo på brnr 168/112 og 129 blir ikkje tatt til følgje.
Saken blir oversendt Statsforvaltar.
Samrøystes vedteke.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Handeland	FE-033	22/197

Saksnr	Utval	Type	Dato
063/22	Formannskapet	PS	08.06.2022

Eventuelt

Saksutgreiing:

Forslag til vedtak:

Formannskapet - 063/22

F - behandling:

Spørsmål frå Hans Erik Waage (Ap)

Kan formannskapet få ein orientering om :

- Flyktninger
- Oppdrettslokaliteten ved Sildevågen
- Legesituasjonen

Ordførar svarte:

- Flyktningar

Det er tilsett flyktningekoordinator i 50% stilling. Vedkomande er ein tilsett som har fått omdefinert delar av si stilling.

Fedje har tatt imot tre familiar. Det er tre mødre med to barn kvar. Barna er i alderen 7 til 16 år. Alle går på skulen no, to av barna skal på vidaregåande til hausten.

Kommunen har inngått leigeavtalar med private om hus.

Det bur ein russisk familie i Fedje. Familiene som har kome, har «godkjent» at det er heilt i orden med kontakt med russarar. Vi brukar vedkomande til diverse oppdrag no i starten på grunn av dei kan få hjelp og rettleiing av ein dei kan snakke med på sitt eige språk.

-Oppdrettslokaliteten ved Sildevågen.

Februar hadde eg møte med Håkon Tombre i Bergen. Me blei einige i at han skulle få utarbeidd alternative plasseringar ut i frå kartdata som formannskapet fekk laga av Asplan Viak.

Eg har purra på dette fleire gongar, ved mail i april og mai, ved tlf fleire gongar, seinast i dag. Har ikkje fått nokon respons.

Min tanke var at eg prøvde å få til eit møte med departementet basert på desse alternative lokaliseringane.

Samstundes jobbar kommunane i region med ein interkommunal plan for sjøområda. Her vil me igjen leggja inn lokaliteten ved Hjeltevarden, då vil me få dialog med Kystverket uansett etter det eg er blitt fortalt.

Me kan prøva å få på plass ein ny interessant på område, men det vil truleg ikkje gå fortare en den interkommunale planen. Planen kjem ut på høyring i haust.

-Legesituasjonen

Pr 1.9.2022 blir det 4 legar i «nordsjøturnus». Alle fire er spesialistar i allmenmedisin. 3 av legane har ei stilling på 30-32% kvar. Den fjerde legen er kommuneoverlegen med ei stilling på 45%.

Tilsaman har Fedje ca 1,4 stilling med legar.

Legane arbeider 24/7 i èi veke, for så å ha fri i 3 veker. På dagtid kvardagar i tidsrommet 08.00 – 15.30 arbeider legane som fastlege med kontordag tre dagar kvar veke. Dei to andre dagane er dei tilsynslege ved sjukeheimen og helsestasjonslege i tillegg til at dei har daglegevakt. Kontoret tar i mot pasientar måndag, onsdag og fredag. Legen er så i vaktberedskap frå 15.30 til 08.00 morgonen etter, samt heile døgeret i helg og på «raude dagar».

Nordhordland Legevakt (NHLV) er legevaktsentral på telefon 116 117 utanom ordinær arbeidstid på kvardagar. Lege lokalt på Fedje vert så kontakta av NHLV vedrørande pasientar som bør tilsjåast av lege på vakt.

Det er ein kommunal «ambulans», kalla bårebil. Dette er ein tidlegare ambulans kommunen overtok frå Helse Bergen. Ved raud respons vert også first responderane (frivillig beredskapsvakt) utalarmert. Lege rykker då ut til pasient saman med first responderar i bårebilen. Vi ser og at luftambulansen har relativt låg terskel for å rykke ut til Fedje.

Den tredje legen startar 1. juli, den fjerde legen starta i slutten av august. Vi har oppbemanna med legevikarar i sommar. Pr. dags dato er det ei veke vi slit med å få lege i, men vi arbeider med moglege løysingar.

Igjen må Fedje berømme Alver og Nordhordland Legevakt for at dei hjelper til. Dei seier dei ser at Fedje sitt system er sårbart og vil vere i bakhand for å hjelpe til.

Til slutt:

Legevaktordninga Fedje har er ei dyr og raus ordning. Det gjev tryggleik til innbyggjarane, men kan bli dyr over tid. Det gjer at Fedje bør vere med i regionen og sjå om framtidig organisering kan få ned kostnadene.

Statsforvaltaren har varsla tilsyn med legeberedskapen i Fedje. Fristen er 6. juni. Kommunen har sendt svarbrev og ventar på tilbakemelding.

F - vedtak:

Det vert ikkje fatta vedtak under evtuel.